

Vil destruera fisken i genbanken

Regjeringa vil dra inn att løyvingane, og avvika arbeidet med genbank for laks- og sjøaurestamene i Hardanger.

Dette går fram av forslaget til statsbudsjett for 2017, der genbank for laks og sjøaure i Hardanger altså er teke ut.

No har Klima- og Miljødirektoratet gjeve ordre om at dei levande gena som står lagra i genbanken i Eidfjord, skal destruerast, det vil seia takast livet av.

NJFF sterkt kritisk

Regjeringa har i statsbudsjettet bestemt at dei ikkje vil føra vidare arbeidet med å byggja opp ein genbank for laks og sjøaure i Hardanger, av økonomiske årsaker. Mellom anna vart det ei utfordring for politikarane at den planlagde genbanken for desse fiskestammene på Ims i Rogaland,



SKAL DESTRUERAST: Klima- og Miljødirektoratet har gjeve ordre om at dei levande gena som står lagra i genbanken i Eidfjord, skal destruerast. ARKIVFOTO: KARL YSTANES

ville verta dobbelt så dyr som budsjettet.

Norges Jeger- og Fiskeforbund reagerer kraftig på vedtaket, og skriv i eit brev til statsminister Erna Solberg at regjerin-

ga ikkje må stilla seg bak destruksjon av genmateriale som er samla inn frå utryddingstruga fiskestammer i Hardanger.

Har samla i fleire år

I fleire år no har det føregått eit innsamlingsarbeid leia av Hardangerfjord Villfisklag, der ein har samla inn levande stamfisk frå ei rekkje elvar i Hardangerre-

gionen. Fiskane har blitt foreldre til småfisk som igjen dannar grunnlaget for ein levande genbank som førebels har stått i genbankanlegget i Eidfjord.

Bakgrunnen for i det heile å ha ein slik genbank, er at tilstanden til dei ville fiskestammene som er knytte til Hardangerfjorden, er vurdert som kritisk, og at stammene står i fare for å verta utrydda. Strategien har vore å ta vare på gena deira mellombels, medan ein jobbar for å betrastoda i fjordsystemet, for så å kunna reetablere stammer, om det går så gale at dei forsvinn.

Mot avvikling

Planen var å byggja eit nytt anlegg i Rogaland, der desse levande gena skulle halda til.

Når løyvingane til både drift og bygging av eit slikt anlegg no ikkje vert sett av på statsbudsjettet, vurderer Villfisklaget og

NJFF det i praksis som å leggja ned heile genbankprosjektet for Hardanger.

I samband med dei budsjettmessige omdisponeringane, er det sendt ut ordre frå Klima- og miljødirektoratet om at fisken som står i genbanken i Eidfjord, skal takast livet av og destruerast.

Dette fell både NJFF og Hardanger Villfisklag tungt for brystet, og bære freistar no stoppa vedtaket. NJFF skriv til statsminister Solberg at det ikkje finst annan måte å ta vare på dei utryddingstruga stammene i Hardangerfjorden på kort sikt, enn at det genetiske materialet vert teke vare på.

Hardangerfjord Villfisklag skriv til Hardangerrådet, der dei ber rådet ta saka vidare, for å framfylgje som kan koma av å leggja ned genbankprosjektet.

KARL YSTANES | tekst
ky@avisa-hordaland.no

Nabobygd for sterke opplevingar

VOSS: Voss kommune brukar bilete frå nabokommunen Aurland som framside på den nyaste profileringsbrosjyren sin.

Brosjyren skal brukast i marknadsføringa av Voss, og vert delt ut til alle nyinnflytte i kommunen. Biletet på framsida viser ein basehoppar i Nærøydalen.

– Me har gjort ei vurdering av det, og visste at biletet er frå Nærøydalen. Det er altså ingen tabbe som ligg bak, seier kommunikasjonsrådgjevar i Voss kommune Tor Helmer Halvorsen.

– Me vurderte det som eit veldig godt bilete, det aller beste me hadde, og ville bruka det på framsida. Det er frå regionen og aktiviteten spelar mot Voss. Erik Østlie er fotograf, biletkvaliteten er god, og det er både stilig og spennande.

Ei ære, synest Distad

At brosjyren skulle informera om kvar biletet er teke, har ikkje vore vurdert. Halvorsen seier dei ikkje har fått reaksjonar på biletvalet før no, men



NABOKOMMUNEN: I Voss kommune sin nye brosjyre som er berekna på nyinnflytte til kommunen, er det eit motiv frå nabokommunen Aurland som prydar framsida.

så er heller ikkje brosjyren så mykje spreidd fø-

rebels. Ordførar i Aurland Noralv Distad tek biletva-

let med godt humør.

– Eg vil ta det som ei ære, på egne vegne, at Voss brukar bilete frå regionen til å profilera seg. For så vidt er me vel vane med at slikt skjer, seier Distad.

Låna frå Voss?

Flåmsbana vert til dømes brukt i allslags marknadsføring, det kunne vore kjekt om det vart minna om at dette er i Aurland, meiner han.

– Me er stolte av naturen vår, så det er litt ærefullt òg.

Når det gjeld Voss sitt lån av fotomotiv, håpar han at dei kan sjå stort på det om Aurland ein annan gong vil låna litt frå Voss for å profilera seg som vinterdestinasjon – for balansen si skuld.

Aurland-ordføraren ler litt av det heile, men synest det hadde vore kjekt om dei som laga brosjyren hadde nemnt kvar framsidefotoet er frå.

SIGRID SEIM | tekst
ss@avisa-hordaland.no

Eidfjord-landskap av nasjonal interesse

HARDANGER: Det kulturhistoriske landskapet i Eidfjord og delar av landskapet rundt Sørfjorden er av nasjonal interesse, meiner Riksantikvaren. Saman med fleire andre område i fylket er dei med på ei liste som er utarbeidd over område der det er særleg viktig å ta omsyn til landskapsverdiane. Det gjeld til dømes ved kommunal planlegging og ved planlegging av store

tiltak som samferdsle og kraftutbygging. I Eidfjord er det mellom anna samspelt mellom landskapet i dalbotnen, og spora etter aktivitet i fjelldalane (Måbødalen og Hjølmødalene), som gjer inntrykk. Landskapet er sårbart for inngrep i terrassane, og mot vidda er det område som er sårbare for kraftutbygging, hyttefelt og anna.

Suksess med Kvitanesen-Poesider

ULVIK: Norsk Eplefest i samarbeid med Apéritif.no har kåra Ulvik frukt og cideri sin sider Kvitanesen-Poesider til den beste sideren som var med i tevlinga. I alt

18 produkt deltok i denne klassen. Ulvik-produsenten Asbjørn Børsheim fekk også ein topplass for eplemost med aroma/svarthyll, i klassen Fantasi-mostar.

Det var samla sett rekordmange deltakarar i konkurransen om beste eplemost og eplesider i Noreg. Den musserande sideren Kvitanesen-Poesider har også

hevda seg godt på siderfestivalen i Øystese sist haust, og kom også heilt til finalen i Det norske måltid, nyleg.

1000-TIPSET

Skjer det noko der du er?

Kvar månad deler me ut 1000 kroner til det beste tipset me får frå lesarane våre!

Alle tips som vert til saker i papir- eller nettavisa vår er med i tevlinga!

Ring tlf. **47 47 18 83**,
SMS/MMS til **2030** med kodeord **hgalleri** eller e-post til **tips@avisa-h.no**